

Saksbehandlar: Ingebjørg Erikstad, Kulturavdelinga  
Sak nr.: 14/1378-2

## **Gjennomgang av Norsk kulturråd - innspel frå Sogn og Fjordane fylkeskommune**

### **Framlegg til vedtak:**

#### **Fylkesrådmannen rår hovudutval for kultur til å gje slik tilråding: Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Norsk Kulturråd skal stimulere kunst- og kulturlivet i heile landet. Dette krev jamleg dialog og samspel med alle aktørane.
2. Forvaltning av kulturfondsoppgåvene og forvaltninga av andre statlege tilskot som i dag er lagt til Norsk kulturråd bør splittast. Forvaltninga kan gjerne leggest utanom Oslo.
3. For fleire av tilskotsordningane kan det med fordel vurderast andre forvaltningsmåtar; samla ved å legge desse til andre organ nasjonalt, alternativt ved å regionalisere forvaltninga av midlar og knytte dette til regionale planer og politikk på feltet.
4. Norsk kulturråd må ha ei samansetjing som speglar heile det norske kunst- og kulturfeltet. Fagutvala har fagkompetanse, og til sjølve rådet bør det rekrutterast med utgangspunkt i breiare kompetanse. Med utgangspunkt i ønskje om maktspreiing, bør det leggest til rette for brei fagleg og geografisk rekruttering til både rådet og til fagutvala.
5. Språkpolitikken legg til rette for å styrke norsk språk generelt, og må også omfatte tiltak for å fremja nynorsk språk spesielt. Dette prinsippet bør bli ein del av fundamentet for det vidare arbeidet i Norsk kulturråd og difor også naturleg og viktig å ha med seg i vurderinga av framtidig arbeidsform og organisering.
6. Kulturdepartementet må sjå nytt og heilskapleg på ressursinnsatsen på nasjonalt nivå når det gjeld Den kulturelle skulesekken (DKS), og etablere ein ny og enklare organisasjon som kan ta i vare det nasjonale ansvaret for DKS. Dette kan gjerast ved at Rikskonsertane vert omdefinert og får ei ny rolle om også omfattar alle kunstutrykka i DKS. Dette reduserer tal tilskotsbrev og rapportar, og vil såleis vere ei forenkling for både staten og fylkeskommunane.

#### Vedlegg:

Brev frå kulturdepartementet av 29.01.14

Mandat for utgreiingsgruppe for gjennomgang av Norsk Kulturråd

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

Uttale Vestlandsrådsak 13/14 NOU 2013:4 Kulturutredningen 2014 - høyringsuttale

Uttale FU-sak-13/58 NOU 2013:4 Kulturutredningen 2014 - høyringsuttale

## **1. Bakgrunn for saka**

### *1.1 Grunnen for at saka er fremja*

I regjeringserklæringa er det nedfelt ein gjennomgang av Norsk Kulturråd si arbeidsform og organisering. Det er oppnemnt ei utgreiingsgruppe for dette arbeidet, og ei referansegruppe. I brev av 29.01.2014 inviterer kulturdepartementet til innspel til dette arbeidet.

Då Vestlandsrådet og fylkeskommunen uttalte seg til NOU 2013:4 Kulturutredningen 2014 (Enger-utvalet) i 2013, var også tilhøve til Norsk Kulturråd eit tema. Mykje av det som vart sagt den gongen står seg også no. Når fylkesrådmannen vel å legge fram sak til politisk handsaming no, er det fordi mandatet for arbeidet inviterer til politiske vurderingar og uttaler som går utover det som vart drøfta i tilknytning til Enger-utvalet.

### *1.2 Bakgrunn - tidlegare vedtak*

NOU 2013:4 Kulturutredningen 2014 ga ein grundig gjennomgang av Norsk Kulturråd si rolle og utvikling frå etableringa i 1965 og fram til i dag. Siste endringa vart gjort i 2009 då rådet gjekk frå å vere samansett både med kulturfagleg og kulturpolitisk kompetanse til å bli eit reint kulturfagleg råd. Dette grepet var omdiskutert politisk og har også i ettertid tidvis skapt debatt. Gjennom Lov om Norsk kulturråd er det rydda opp i ein del uklare oppfatningar om oppgåve og rollefordeling mellom rådet (det kollegiale organet) og rådet sin administrasjon. Denne uklare oppfatninga kjem til uttrykk både generelt og spesielt knytt til forvaltning av kulturfondet og post 74 (årlege tilskot til ei rekkje enkelttiltak/verksemder innan heile kunst- og kulturfeltet, m.a. ei rekkje regionale tiltak).

Vestlandsrådet uttalte seg til Engerutvalet i VR-sak 13/14. Fylkesutvalet uttalte seg i same sak i FU-sak 13/58. I begge desse sakene vart Norsk Kulturråd omtalt, m.a. vart det teke til orde for å regionalisere heile eller deler av kulturrådet. I mandatet for arbeidet som skal gjerast no, er det slått fast kulturfondet skal først vidare som ei samla, nasjonal finansieringskjelde, og ikkje delast opp i regionale fond (jf. under).

### *1.3 Mandat for utgreiingsarbeidet*

Mandatet for utgreiingsarbeidet følgjer i vedlegg 2. Utgreiingsgruppa skal m.a.

- *Beskrive Norsk kulturråds organisasjon og oppgaver i dag.*
- *Vurdere om Norsk kulturråds oppgavesammensetning er hensiktsmessig.*
- *Legge fram forslag om eventuell alternativ oppgavesammensetning/andre organisatoriske modeller.*

Gruppa skal levere sin rapport 1. juni 2014.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Norsk kulturråd har hatt og har ei viktig oppgåve i å stimulere nyskaping innan norsk kulturliv i heile landet. Sjølv om dagens kulturråd har lagt større vekt på å vere opne og invitere seg rundt om i landet, har det breitt seg ei oppfatning hos mange kulturaktørar av kulturrådet som Oslo-sentrert og at for mange oppgåver vert samla på for få hender. Dette har ført til ein politisk debatt om mogleg desentralisering av Kulturrådet. Det må difor vere sentralt i det arbeidet som no går å legge til rette for maktspreiing gjennom i større grad å nytte kompetanse og kreative miljø i heile landet.

I vurderingane vil fylkesrådmannen legge vekt på følgjande punkt (jf. mandatet):

- Oppgåvesamansetjing
- Samansetjing og oppnemning av rådet
- Funksjonar som kan løysast betre andre stader/på andre nivå.

Fylkesrådmannen vil i tillegg nytte høve til også å kommentere det vi meiner må vere Norsk kulturråd sitt språkpolitiske ansvar.

### 2.1 Oppgavesamansetjing

Norsk kulturråd har som oppgåve å forvalte Norsk Kulturfond og andre statlege tilskot som er lagt til rådet. Rådet skal også vere eit rådgjevande organ for staten i kulturspørsmål (jf. kulturrådslova §3 første ledd).

Departementet har over tid ført mange oppgaver over frå departementet til Norsk Kulturråd, oppgaver som tidlegare låg til departementet sjølv (tilskot, kulturfaglege vurderingar, m.m.), eller i andre statlege organ, t.d. innan museum og arkiv. Dette medfører at Norsk Kulturråd i dag også utfører mange administrative forvaltningsoppgaver.

Sjølv om departementet har avvist ei regionalisering av Norsk kulturfond, er fylkesrådmannen av den meining at behovet for regionalisering bør uttrykkjast. Det vil i alle høve vere interessant å sjå korleis ei regionalisering kan slå ut for kunst- og kulturproduksjonen. I den samanheng er det viktig å presisere at ein del oppgaver må løysast nasjonalt, t.d. innkjøpsordningane.

Ei endring kan vere å skilje ut alle tilleggsoppgåvene rådet har fått. Over år er fleire og fleire tilskotsordningar ført over frå departementet til Norsk Kulturråd. På mange område fungerer Norsk kulturråd dels som eit direktorat og dels som eit ekspedisjonskontor for tilskot fastsett i statsbudsjettet. I ei tid der det vert søkt etter oppgaver som kan leggast utanfor Oslo, er dette døme på oppgaver som gjerne kan flyttast ut og løysast andre stader.

### 2.2 Samansetjing og oppnemning av rådet

Norsk kulturråd (det kollegiale organet) vert oppnemnt av Kongen etter tilråding frå Kulturdepartementet. Medlemmane vert oppnemnde på grunnlag av kunst- og kulturfagleg kompetanse (jf. kulturrådslova §3 tredje ledd). Valperioden er fire år og gjenoppnemning kan skje ein gong. Tidlegare hadde rådet ei samansetjing der både Stortinget, KS og departementet oppnemnde medlemmer. Også då var perioden fire år med gjenoppnemning. I tillegg til sjølve rådet, er det ei rekkje fagutval innan dei ulike sjangrane.

Norsk kulturråd skal utøve eit fritt kunst- og kulturfagleg skjønn. Samstundes er det ein viktig premis for å sikre legitimiteten til rådet, at rådet har ei samansetjing som speglar heile det norske kunst- og kulturlivet; sjangermessig, geografisk og kulturpolitisk.

Etter fylkesrådmannen si meining bør samansetjinga av rådet vurderast på nytt. Dei ulike fagutvala er viktige får å sikre det kunst- og kulturfaglege skjønnet. Medlemmane må rekrutterast frå heile landet. Rådet, som skal vere overordna, bør ha ei breiare samansetjing, og ulike modellar for å sikre dette, bør vurderast.

### 2.3 Funksjonar som kan løysast betre andre stader/nivå

Fylkesrådmannen viser til drøftinga i pkt. 2.1 over. I ei tid der idear skal vekse opp nedanfrå, vil det vere ønskjeleg at fleire av verkemidlane vart flytta nærare der ideane skal blomstre. I eit slikt perspektiv meiner fylkesrådmannen at regionale kulturfond kan vere eit interessant tiltak. Kulturrådet fordeler også ein stor del midlar til lokale tiltak innan ulike sjangrar. Det vil vere god kulturpolitikk å knyte tettare band mellom det lokale/ regionale kulturpolitiske arbeidet og bruken av nasjonale midlar til tiltak i lokalmiljøet.

Fylkesrådmannen meiner at det innan område som bibliotek, kulturminnevern, musikk, frivillig sektor, m.m. kan vere grunnlag for å drøfte regionalisering/desentralisering av forvaltning av verkemiddel.

Arrangørstøtteordninga er eit viktig bidrag for å utvikle eit desentralisert musikkliv og for å styrke arrangørkompetansen lokalt. Men her bør og fylkeskommunen få høve til å vere regional utviklingsaktør og produsent, til dømes i samarbeid med kulturhusnettverka. Staten bør prioritere dei regionane som ikkje har faste orkestrer, ensemble eller musikkscener med driftsstøtte.

Forvaltning og utvikling av Den kulturelle skulesekken (DKS) er ei regional oppgåve. DKS er eit målretta kunstnarleg utviklingsarbeid som når alle born og unge. Gjennom Rikskonsertane har fylkeskommunen avtale om skule- og barnehagekonsertar. Dette utgjør eit viktig tilbod i DKS. Fagleg sett er det ønskjeleg at staten på nasjonalt nivå byggjer opp ein ny organisasjon som kan

ta i vare det nasjonale ansvaret for alle kunstuttrykka (musikk, dans, scenekunst, litteratur, kulturarv) i DKS. Vi får årlege tilsegnsbrev frå Rikskonsertane, og rapporterer detaljert tilbake dit. Samarbeidet med Rikskonsertane inngår i dag som ein integrert del av Den kulturelle skulesekken (DKS). Tilskotet til dei andre uttrykka i DKS kjem i brev frå Kulturdepartementet, med detaljert rapportering til Norsk Kulturråd, som husar eit nasjonalt sekretariat for DKS.

Det vil vere ei forenkling for staten så vel som for fylkeskommunane om det var eitt organ nasjonalt som koordinerte denne aktiviteten, kom med tilskotsbrev og som skulle ha ev. rapport tilbake.

#### 2.4 Norsk kulturråd og nynorsken

Norsk kulturråd er ein reiskap for Kulturdepartementet, som mellom anna har ansvaret for den norske språkpolitikken. Det overordna målet for denne politikken er å sikre det norske språket sin posisjon som eit fullverdig, samfunnsbyggjande språk og sjølve grunnlaget for all kulturformidling. I St. melding nr. 35 (2007-08) heiter det at det overordna målet for språkpolitikken byggjer på erkjenninga om at norsk er kløyvd i to skriftspråk. Desse er formelt likestilte, men har i røynda særskilte rammevilkår. I den framtidige språkpolitikken bør det vere eit underforstått prinsipp at tiltak til styrking av norsk språk generelt også må omfatta tiltak for å fremja nynorsk språk spesielt. Dette prinsippet bør bli ein del av fundamentet for det vidare arbeidet i Norsk kulturråd, og difor også naturleg og viktig å ha med seg i vurderinga av framtidig arbeidsform og organisering.

Støtteordningane gjennom Norsk kulturfond har hatt mykje å seie for nivået på den nyskapande kunstnarlege aktiviteten i landet. For språk- og litteraturfeltet har innkjøpsordningane stimulert til ein stor norsk bokproduksjon der mange nye forfattarstemmer kjem til orde. Folk i heile landet har fått betre tilgang til god litteratur på begge dei norske målformene, også innanfor smale sjangrar. Dette er ikkje sjølvstyk i eit lite språksamfunn som det norske.

Det er urovekkande at då Kulturrådet nyleg vart pålagt å gjennomføre nedskjeringar, forsvann 1/3 av støtta til bøker på nynorsk. Dette vil ramme nynorsk bokproduksjonen både i dei store forlaga og i mindre forlag med meir regionale nedslagsfelt. Det er viktig å ha eit blikk for om dei ulike tilskotsordningane kjem til nytte for kulturarbeidet i heile landet.

For å sikre at kulturmidlane kjem heile landet til gode og positivt verker til ei betre jamstilling mellom dei to offisielle målformene, bør det vurderast innføring og bruk av faste måleindikatorar for geografisk nedslagsfelt (på kommunenivå) og om kunstnarlege produksjonar kjem på norsk (med fordeling mellom nynorsk og bokmål).

### **3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen viser til drøftingane i saka, og rår til vedtak i samsvar med framlegg.